



OVERREKING: Banksjef Torunn Mattson overrekker gåva til Christoffer Knagenhjelm, omgitt av dugnadsgjengen på Jensbua i Fjaler. (Pressefoto)

650.000 kroner til Huset i Bygda

FJALER: Huset i Bygda har fått overrekket ei gåve på 650 000 frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

– Eg er glad for denne tillits-erklæringa. Det gode samarbeidet med Sparebankstiftinga betyr mykje for Huset i Bygda, seier Christoffer Knagenhjelm, ansvarleg for Huset i Bygda i Sogn og Fjordane.

Lagsegde hus

I Sogn og Fjordane er det over 400 lagsegde kulturhus.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, som gjev gåver frå overskotet til Sparebanken Sogn og Fjordane, såg tidleg at det var stort behov for støtte til bygningsmes-

sige tiltak i dei lokale kulturhusa.

Kostnadskrevjande

I 2016 byrja difor eit samarbeid mellom Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Huset i Bygda, der stiftinga sette av 500.000 kroner til lagsegde kulturbygg.

Ordninga har vore svært viktig for å auka både merksemd og standard på dei lagsegde kulturhusa i fylket.

Kulturhusa er viktige møteplassar som er mykje brukt av alle generasjonar til sosialt samvær og variert aktivitet. Mange av husa treng difor utbetring og ombygging. Dette er kostnadskrevjande, og ein stor dugnadsinnsats frå eigarar og lokalsamfunn er avgjerande.

I 2018 vart dette illustrert ved at antalet søknadar frå

lagsegde kulturhus auka med heile 265 prosent.

Auka beløpet

– Ein stor del av auken kan tilskrivast Huset i Bygda sitt arbeid med å rettleia kulturhusa. Dei har òg vore ein viktig partner i søknadsvurderinga med sin store kunnskap om kulturhusa i fylket, seier kultursjef Pål Fidjestøl i Sparebankstiftinga.

– Sparebankstiftinga er svært nøgd med det gode samarbeidet med Huset i Bygda, og har difor vedteke å gje dei ei gåve på kroner 650.000. Gåva vil som før gå til bygningsmessige tiltak i lagsegde kulturhus, men i staden for å samarbeida om vurderingane kan Huset i Bygda no prioritera midlane sjølve. I tillegg aukar me opp beløpet med 150.000 kroner frå i fjor, seier Fidjestøl.

Me gratulerer

LUDVIK
HERMANSEN-MØLLER 1 år!
Gratulerer med dagen din 4. mars.



Helsing frå heile familien din, Gomme og Goffa på Hafslø.

Bygdanytt

70 år

Sjur Feigum, Skjolden, tysdag 5. mars.

Liv Karin Fosse Frækaland, Leikanger, tysdag 5. mars.

Arve Nordheim, Øvre Årdal, tysdag 5. mars.

60 år

Tore Eikeland, Leikanger, tysdag 5. mars.

30 år

Karen Richardsen Moberg, Sogndal, tysdag 5. mars.

Bridge

Bridge

Resultat frå Lærdal Bridgelag sin spelekveld 25. februar:

	Prosent
1. Oddgeir Bø – Jan Steinar Hole	65,7
2. Magne Eri – Knut Eltun	60,2
3. Magnar Ljønsne – Oddmund Bøe	57,4
4. Johan Grøttestøl – Oskar Brugrand	52,3
5. Mariusz Amerek – Sjur Arne Bøe	49,1
6. Magnar Aspeseter – Jan Gunnar Sponås	48,2
7. Ivar Eltun – Boye Kvaale	44,9
8. Reidar Johnsen – Sivert Bakk	44,0
9. Laila Skilbrei – Sonja Hunderi	42,6
10. Kenneth Grøthe – Per Atle Bjørkum	35,7

Runde dagar

Jubilantlista er levert av Norsk Telegrambyrå (NTB).

Har du rund dag og ikkje ynskjer namnet ditt i avisa, kontakt Sogn Avis, seinast fire virkedagar før.



«NYE DRAKTER»: Eit fotballag i idrettslag.

Jubla

ÅRDAL/TANZANIA: – Så flott at dei draktene kunne komma til nytte!

Det seier leiar i Årdalstangen Idrettslag, Roy Bergerud, om at eit heilt fotballag i Tanzania no spelar i gult og blått og tilsynelatande er sponsa av Indre Sogn Sparebank.

Overveldande respons


Årsaka er at førskulelærarstudenten Kaja Andersen (23) fekk med seg fire draktsett som År-

S
U
D
D
O
K
U

		9	5	7			
		4				2	
	3	1			6		
9					8		
1		5	6				4 7
	4	6					3
				5	1		8
				2			6
			9			1	

Løysing på siste side

Lesarbilete



VINTERSOL: Vinter på Leikanger.

(Foto: Anita Espe)